

## Årsmelding 2015

Arbeidsåret vårt 2015 starta med ein Adventskonsert i kyrkja. Det var ei god oppleving som me fekk mange gode tilbakemeldingar på. Åse Karin Strønen var solist.

Elles møtte me trufast opp til tradisjonell speling på julafta. Nokre musikantar frå Jondal Musikklag vart med og spelte der.

Perioden etter jul får me kalla ein god og roleg arbeidsperiode. Me hadde øvingar kvar torsdag som vanleg, men ikkje noko framføringar for publikum. Me hadde det på planen, men når influensaen "herja" også blant korpsmedlemmer, måtte me gje tapt.

Men 1.april var me høyrbare i bygda att med det årlege kakelotteriet utanfor butikken. Loddsalet går unna, og når korpset spelar er det som vanleg mange som møter fram, sjølv om veret var kaldt.

17.mai vart som vanleg; Speling i toget i Jondal, i kyrkja og så i Herand; både i toget og under programmet.

Ruta til sykkelrittet Tour des Fjords gjekk forbi bygda vår 28.mai. Korpset stilte i skulesvingen og var med på å setja sitt preg på stemninga. Tor vart intervjuet av sjølvaste Dag Otto Lauritzen, og me kom på TV!

Så vart det 4.juni og sommarkonsert i Mele. Ikkje alle tok sommarferie etter det; det var nok att til at me kunne spela i bedehuset søndagen i Herandshelga. Veret var bra, så me spelte utanfor før gudstenesta begynte også. Det har me også fått fleire tilbakemeldingar på at publikum set stor pris på.

Me tok litt lang sommarferie dette året; starta ikkje opp at før 3.september, men då var me i full gang. Me har hatt ein god arbeidsperiode utover hausten med fleire øvingar der Arild har vore med. Me øver inn litt nytt stoff, og held liv i gamalt.

Helga 2.-4.oktober var det inspirasjons-seminar i Eidfjord. Det var Eikanger - Bjørsvik som var instruktørar, og slike opplevingar er med på å gje eit løft for fleire.

Alt i alt eit heilt vanleg år – og eit godt år. Takk til alle trufaste musikantar som brukar torsdagskveldane her!

### Styret i år har vore:

Leiar: Ingeborg Huus

Nestleiar: Margot Haugen

Skrivar: Margreta Sandvin Eiken

Kasserar: Tor Storegjerde

Styremedlem: Marit Huus

Vara: Marta Bergstø og Tone Belsnes